



Pinsemenigheten Betania Knarvik  
Postboks 86  
5902 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3151 - 14/8500

Saksbehandlar:  
Nina Bakanova  
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:  
07.04.2014

## Fornyng av mellombels bruksløyve Gbnr 185/264 2 stk kontorbrakker Isdalstø

### Administrativt vedtak. Saknr: 015/14

#### Vedtak

Kommunen forlengjer mellombels bruksløyve til å ha 2 stk kontorbrakke på betania Knarvik sin eigedom fram til 07.04.2016 i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 28.03.2014 , jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-10 tredje ledd.

Dette løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyve vert forlenga fram til 07.04.2016.
2. Etter ovannemnd dato (07.04.2016) må det søkjast løyve til å ha permanent kontorbrakke på eigedomen.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

#### Søknaden

Søknaden gjeld å forlenga mellombels løyve til å ha 2 stk kontorbrakke ståande på eigen tomt. Søknaden vart første gang handsama i 1990, forlenga første gang i 1998 (fram til 01.07.2003), forlenga andre gang i 2003 (fram til 31.12.2008), forlenga tredje gang i 2008 (fram til 31.12.2013).

#### Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

| Skildring                                     | Antal | Beløp   |
|-----------------------------------------------|-------|---------|
| 10.2.8 Delt handsaming. Mellombels bruksløyve |       | 2.800,- |
| Totalt gebyr å betala                         |       | 2.800,- |



## **Klagerett.**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Pinsemenigheten Betania Knarvik

Postboks 86

5902

ISDALSTØ